

Sist endra: 16.11.2022

Etiske retningslinjer

Sandella Fabrikken AS er eit norsk firma med hovedkontor og produksjon i Sykkylven.

Vi arbeidar ut i frå ein forretningspraksis som respekterer menneske, miljø og samfunn og har difor utarbeida desse retningslinjene for berekraftig forretningspraksis (Code of Conduct) som omfattar både Sandella, leverandørar og andre forretningspartnarar (samla kalla **Leverandørar**).

Vi forventar vidare at våre leverandørar arbeider systematisk med å overhalde dei gjeldande retningslinjene, også over for sine leverandørar.

Nasjonal lovgiving, politiske eller kulturelle forskjellar, kan i enkelte tilfelle gjere det vanskeleg å oppfylle bestemte standardar, eller å identifisere eller få kontakt med alle underleverandørar. I slike tilfelle må Leverandørane, etter avtale med Sandella, sjå etter alternative måtar å nå måla sine på.

1. Retningslinjer for berekraftig forretningspraksis – Code of Conduct.

- 1.1 Nasjonale lover, føreskrifter og reguleringer på produksjonsstaden skal alltid overhaldast og er å sjå på som eit minimumskrav.
- 1.2 Det skal ikkje foregå noko form for tvangs- eller slavearbeid eller noko anna form for ufrivillig arbeid.
- 1.3 Arbeidarar skal ha skriftlege arbeidskontraktar som inneheld opplysningar om lønn, betalingsmåte, arbeidstid og oppseilingstid. Kontrakt vere innanfor det lokale lovverket og vere skiven på ein forståeleg måte for den tilsette.
- 1.4 Lønn skal som minimum vere i tråd med nasjonale minstelønnsbestemmelser og bransjestandard, der den høgaste av dei skal gjelde.
- 1.5 Tilsette skal ha rett til å opprette og vere medlemmar i fagforeiningar og delta i kollektive forhandlingar.
- 1.6 Leverandørar skal ha definert etiske retningslinjer som minimum er i samsvar med Sandella sine retningslinjer, og kontrollere at desse blir følgt også vidare bakover i leveradørkjeda.
- 1.7 Minstealder for arbeidarar skal ikkje vere under 15 år, men dersom lokal minstealder er 14 år og i tråd med unntak i ILO konvensjon 138, kan dette aksepterast. Barn under 18 år skal ikkje utføre arbeid som kan vere til skade for deira helse, sikkerheit, eller moral, dette inkludert nattarbeid.
- 1.8 Det skal ikkje finnast diskriminering når det gjeld tilsetting, lønn, opplæring, forfremming eller pensjon, basert på etnisitet, kaste, religion, alder, kjønn, seksuell legning, fagforeningsarbeid eller politisk standpunkt.
- 1.9 Det skal etablerast system for å sørge for eit sunt- og trygt arbeidsmiljø. Farlege stoff og maskiner skal handterast på ein måte som gir minimal risiko for helseskadar og ulykker, både på arbeidsplassen og miljøet, lokalt og globalt.



- 1.10 Det skal arbeidast for å redusere miljøpåverknad så mykje som råd i heile verdikjeda. Nasjonale- og internasjonale miljølover og reguleringar skal overhaldast, og aktuelle tillatelsar skal kunne dokumenterast.
- 1.11 Dyrevelferd skal respekterast. Nasjonal og internasjonal dyrevelferdslovgiving skal overhaldast.
- 1.12 Alle former for korruption eller bestikkelsar er ikkje akseptert. Det gjeld også bruk av alternative kanalar for å sikre private eller arbeidsrelaterte fordelar til kundar, agentar, kontraktørar, leverandørar eller deira tilsette, i tillegg til offentleg tilsette. Leverandørar skal heller ikkje tilby nokon form for insentiv til Sandella sine tilsette for å sjølve kunne oppnå kommersielle fordelar.
- 1.13 For å unngå alle former for kvitvasking av pengar, skal det takast nødvendige skritt for å forhindre at finansielle transaksjonar blir brukt av andre til å kvitvaske pengar eller finansiere terror.

2. Konkurranse

Gjeldande konkurranselover og føreskrifter skal overhaldast.

3. Aktsemd

- 3.1 Som innkjøper av produkt og tenester, er Sandella forplikta til å vurdere om grunnleggande menneskerettigheter er følgt. Til dette høyrer også anstendige arbeidsforhold, miljø og antikorruption i eiga bedrift og leverandørkjeda. Tilsvarande krav er pålagt våre leverandørar.
- 3.2 Desse vurderingane skal gjerast opp mot FN sine prinsipp for næringsliv og menneskerettigheter, samt OECD sine retningslinjer for fleirnasjonale selskap.
- 3.3 Leverandøren skal ha etiske retningslinjer eller tilsvarande dokument i eiga virksomheit, og i leverandørkjeda si, som minimum omfattar Sandella sine retningslinjer for leverandørar og som er formelt forankra i leiinga.

4. Informasjonsplikt

Dersom leverandøren blir oppmerksam på avvik i forhold til retningslinjene i punkta over, skal han rapportere dette til Sandella omgåande.

5. Konsekvensar

Ved alvorlege og repeterande brot på desse retningslinjene har Sandella rett til å avslutte gjeldande leveringsavtalar, forretningsforhold og andre former for samarbeid, dersom leverandøren ikkje er i stand til å gjennomføre nødvendige forbetringar innan rimeleg tid.



6. Leverandørerklæring

Vi erklærer at desse retningslinjene for etisk handel (Code of Conduct) er lest, forstått og akseptert. I tilfelle negative avvik i forhold til å overhalde retningslinjene for etisk handel, skal Leverandøren informere Sandella om dette, samt presentere ein plan for å få retta opp i dette. Vi vil også informere våre leverandørar om desse retningslinjene for etisk handel, og gjere alt vi kan for å sikra at også dei overheld krava i dette dokumentet.

Dato / stad:

Leverandør:

Adresse:

Organisasjonsnummer:

Signatur:

Med blokkbokstavar
